

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
065/2015	Formannskapet i Radøy	PS	15.09.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kristine Skaiaa Born	14/1634	15/9776

### Avfallsplan for småbåthamner Radøy kommune

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Etter endringa av forureiningsforskrifta kapittel 20: «Levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip» i 2013 er det sett fokus på avfallshandtering i hamner. Etter §20-6 er kvar eigar eller hamneansvarleg pålagt å utarbeida ein avfallsplan for si hamn. For å letta arbeidet for små og mellomstore fritidsbåthamner skal kommunane utarbeida ein felles avfallsplan for småbåthamner. Arbeidet med ein slik plan starta i Radøy kommune i oktober 2014. Arbeidet med å finna ansvarlege for dei ulike hamnene har vore vanskeleg, då kommunane ikkje har noko oversikt over småbåthamner og ikkje alle er organisert med ein ansvarleg. Dei hamnane som ikkje er med i planen har ikkje bidrege med dei naudsynte opplysningene til kommunen, men kan inkluderast i planen på eit seinare tidspunkt.

Vidare framdrift for «Felles avfallsplan for småbåthamner Radøy kommune» er godkjenning i kommunen og kunngjering, før den vert sendt på endeleg godkjenning hjå Fylkesmannen i Hordaland.

##### Vurdering

Ein avfallsplan vil gje auka fokus på avfallshandtering og kor viktig det er med gode ordningar for avfall også på kysten. Den vil og ansvarleggjera dei som driv båtliv og eigarane av småbåthamner i kommunen. Ein svakheit ved denne planen er at ikkje alle hamner er med grunna manglande naudsynte opplysningar, men desse kan takast med ved revisjon av planen.

##### Konklusjon

Planen dekker avfallshandteringa for dei teljande hamnene på ein god måte, men det er ønskjeleg at fleire hamner vert teke med ved revisjon av planen.

##### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Felles avfallsplan for småbåthamner Radøy kommune vert vedteke slik den er lagt fram. Planen skal kunngjerast på kommunen si heimeside før den vert sendt Fylkesmannen for godkjenning.

## **Formannskapet i Radøy - 065/2015**

### **FS - handsaming:**

Rådgjevar Kristine Born ved felles landbruksavdeling orienterte om planarbeidet og svara på spørsmål. Fylkeskommunen set krav om at alle båthamnene må ha ein plan for avfallshandtering. Det er frivillig om den enkelte båthamn vil vera med i kommunal avfallsplan, men må alternativt laga sine eigen plan.

*Det vart sett fram følgjande tilleggsframlegg i møtet:*

Dersom det er fleire kommunale kaiar enn det som er med i avfallsplanen, må desse innarbeidast i planen.

*Frode Hervik (V) kom med følgjande protokollmerknad:*

"Kommunen bør leggja på heimesida ei oversikt over kva gjesteplassar som finst i Radøy for båtfolket."

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

### **FS - vedtak:**

Felles avfallsplan for småbåthamner i Radøy kommune vert vedteke slik den er lagt fram. Planen skal kunngjerast på kommunen si heimeside før den vert sendt Fylkesmannen for godkjenning.

Dersom det er fleire kommunale kaiar enn det som er med i avfallsplanen, må desse innarbeidast i planen.

*Protokollmerknad:* Kommunen bør leggja på heimesida ei oversikt over kva gjesteplassar som finst i Radøy for båtfolket.

### **Vedlegg:**

Felles avfallsplan småbåthamner Radøy kommune (L)(35174)